

## **Profilering av e-utlån i biblioteka i Hordaland (utdrag frå prosjektplan)**

### **August 2015**

#### **Bakgrunn**

*Hordaland fylkesbibliotek har etablert eit konsortium for utlån av e-bøker for folkebiblioteka (utanom Bergen) og dei vidaregåande skulebiblioteka i fylket. Konsortiet består av ei felles teknisk løysing for utlån og ei felles samling av e-media.*

*For å gjere tilbodet med utlån av e-media betre kjend, vil ein gjere eit løft med å profilere tenesta, både med kampanje og med meir langsiktig profilering. Profileringa vil bestå av plakatar og brosjyrar, og av digital annonsering i sosiale media og på nett. I prosjektet vil ein lage arrangement som fokuserer på tenesta, i samband med dette vil ein også trenge ulike typar profilingsmateriale i form av m.a. roll-ups, t-skjorter osb.*

#### **Tiltak i prosjektet:**

##### **1. Profilering gjennom kampanje:**

A. Arrangere e-bokveke i kvar av dei fem biblioteksamarbeidsregionane med profilering av tenesta  
(B. Bussreklame + reklame på skjermer på båtar og ferjer)

##### **2. Profilering digitalt:**

Digital annonsering på facebook, google osb. + plugin/ innhald på nettstader

A. Fylkesbiblioteket lager/får produsert poster/ filmsnuttar og assisterer spreiling på fb/google

B. Kjøp av poster/ spreiling av postar på fb/google frå firma

#### **Formål med prosjektet (effektmål)**

*Profileringa av e-lån skal gjere tenesta med e-utlån i biblioteka meir kjend for innbyggjarane i fylket.*

#### **Skildring av kva prosjektet skal levere (prosjektmål)**

*Profileringa av e-lån skal gje meir bruk av e-media i biblioteka i fylket.*

#### **Avgrensing**

*Profileringa skal ikkje vere ei brukarrettleiing, men skal gjere brukarane merksame på at tenesta fins.  
Profileringa skal vere uavhengig av teknisk system for utlån.*